

Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16
6823 SANDANE

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1376-9

10. desember 2020

Endringar i statsbudsjettet 2020 – tilleggstilskot

1. Tilleggstilskot for 2020

Vi syner til tilskotsbrevet frå Kulturdepartementets dagsett 18. desember 2019 til Musea i Sogn og Fjordane.

Vidare syner vi til tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet dagsett 19. oktober 2020 om endringar i statsbudsjettet 2020 og løyvinga av eit tilleggstilskot til innkjøp av samtidskunst.

Med bakgrunn i Prop. 142 S (2019-2020) og Innst. 19 (2020-2021) aukar Kulturdepartementet ytterlegare tilskotet til ei rekkje kunstmuseum øyremerkte innkjøp av samtidskunst. Midlane skal nyttast til kjøp av samtidskunst, kunsthandverk og design, frå galleri og visningsstader i Noreg eller om naudsynt direkte frå kunstnaren. Innkjøpa skal knyttast til kunstnarar som i hovudsak bur og verkar i Noreg. Siktemålet er å stimulera skapande kunstnarleg aktivitet i alle delar av landet.

Kunstverka skal kjøpast så snart det lèt seg gjera og seinast innan fyrste kvartal 2021.

Kulturdepartementet tildeler med dette Musea i Sogn og Fjordane eit eingongstilskot på kr 1 000 000. Tilskotet er løyvdt under kap. 325, post 77.

Tilskotet vil verta utbetalt til dykkar konto nr. 3705 16 96647 om kort tid.

2. Vilkår knytte til tilleggstilskotet

Mål, føresetnader og krav til rapportering i tilskotsbrevet dagsett 18. desember 2019 gjeld for tilleggstilskotet med.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 866

Avdeling

Saksbehandlar
Natalia Ryan
22 24 72 33

3. Rapportering

Rapportering for bruk av tilleggstilskotet skal inngå i den ordinære rapporteringa frå museet til Kulturdepartementet. I webskjema for budsjettsøknad og rapport skal midlane først som "anna offentleg tilskot frå Kulturdepartementet".

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Natalia Ryan
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Norsk kulturråd
Vestland fylkeskommune